



Informasjon om tilboda



Skuleåret
2022 - 2023





Stranda Kulturskule tilbyr opplæring innan ulike musikkfag i alle skulekrinsane i kommunen. Opplæringa går i hovudsak føre seg etter vanleg skuletid. I Stranda sentrum har vi egne lokale i Storfjord Kulturhus. Mesteparten av undervisninga til elevar frå Ringstad krins er lagt hit. Vi har tilbod i alle skulekrinsane. I tillegg til den vanlege instrumentalopplæringa har vi i sentrumskrin-sen fleire gruppetilbod.

Tilboda i kulturskulen vert tilpassa den enkelte elev. Dei fleste elevane vil få tilbod om enkelt-undervisning eller undervisning i grupper på 2-3 elevar saman. Ein elevplass i kulturskulen gjev ikkje rett til eit visst antal minutt undervisning pr. elev pr. veke. Vi vil individuelt tilpasse tilbodet til eleven og legge opp ein god miks av enkelttimar, samspel i ulike grupper og konsertar/fram-føringar. Vi legg stor vekt på at elevane våre skal få god og allsidig trening i å opptre for eit publi-kum.

Vi har sett opp rettleiande aldersgrenser på ein del av tilboda våre. Yngre barn kan likevel søkje på desse tilboda, men vil berre verte tekne opp etter ei nærare vurdering. Kulturskulen har feler i barnestorleikar for utleige. Andre instrument er noko kvar enkelt elev må syte for sjølv.

Utvida speletid/spesialisering er tenkt til elevar som har spelt nokre år og som kan tenkje å øve meir enn dei andre. Det kan søkjast om spesialisering på alle individuelle fag. “Spesialisering 30” gir 30 minutt speletid pr. veke. “Spesialisering 45” er eit tilbod for særleg ivrige elevar. Du vil då få minimum 45 minutt speletid kvar veke og eit utvida og variert samspeltilbod. For meir informas-jon ta kontakt med kulturskulen.

Nye tilbod/fag

“EDM/ELEKTRONICA” er noko HEILT nytt i Stranda Kulturskule. Her vil vi bruke datamaskiner til å lage og framføre musikk. Elevar som søker her bør ha ei viss kunnskap om musikk frå før, gjerne vere kulturskuleelev på eit anna, individuelt fag. Elevane må ha tilgang til ei datamaskin. Mac er truleg det beste sidan alle Apple-maskiner har Garageband installert gratis, men det går også fint å bruke PC. Det vil bli laga ein eigen faldar for dette faget som seier meir om kva dette er og korleis det vert organi-sert.



“SKAPANDE SKRIVING” er også eit fag vi ynskjer å starte opp. Vi har avtale med ein forfattar som ynskjer å starte opp skrivegrupper for unge frå og med ca. 5 klasse. Her vil de saman utforske språket og leike med språket. Det er ikkje eit kurs i rettskriving. Fokus vil vere på kreativiteten og formidling.



“BILDEFAG” vart starta som eit kort-tilbod våren 2021. Vi har i skuleåret 2021-22 hatt to klasser gåande. Ei klasse for 3. - 4. klasse og ei klasse for 5.-7. Endeleg klassesdeling ko-mande skuleår blir sett opp basert på påmeldinga. Pr. i dag står faget utan lærar, men vi har god tru på at vi får på pass ein svært god kvalifisert og dyktig lærar før oppstart.



Digitale tilbod

Sidan korona-stenginga våren 2020 har vi oppdaga nettet som undervisningsarena. Dei fleste av våre individuelle tilbod kan difor bli gitt som ein kombinasjon av fysisk oppmøte og digital under-visning. Dette gjeld først og fremst for elevar frå dei ytre krinsane som ynskjer opplæring på eit instrument vi ikkje har lærar til i den **aktuelle** krinsen. (t.d. song eller treblås i Geiranger). Elevane må då møte fysisk i Stranda enkelte veker og vil få resten av timane gjennom digitale løysingar.



Oversikt over tilboda

Detaljert innhald og omfang i faga finn de på Speedadmin. På enkelte instrument er det i tillegg fleire ulike alternativ å velje mellom.

Om de ynskjer andre tilbod enn dei vi har pr. i dag, så kontakt oss. Kanskje vi likevel kan tilby nettopp det DU ynskjer?

Tilbod	Krins/ Alder	Tilbod	Krins/ alder	Tilbod	Krins/ alder
Piano/keyboard	Alle/alle	Kassegitar	Alle/ 4.klasse -->	El-gitar	Alle/ 4.klasse -->
Ukulele	Alle/alle	Bassgitar	Alle/ 4.klasse	Fiolin	Alle
Song	Stranda/4. kl -->			Kyrkjeorgel	Alle/ 4.klasse -->
Messingblås (alle instrument)	Alle/ 4.klasse -->	Treblås (Alle instrument)	Alle/ 4.klasse -->	Slagverk	Stranda/ Sunnlyven/4. klasse -->
Kulturell Karusell	Stranda/ 1.-2.klasse			Korpsaspirant (bet. av korpsa)	Stranda/ Sunnlyven/ 4.klasse -->
Nye Tilbod - Tilbod vi ynskjer å starte					
Bildefag (90 min)	Stranda/ 3.kl. -->	Foto	Stranda/ 6.klasse -->	Samspelverkstad	Stranda/Sunnlyven
EDM/Elektronica	Stranda/ 6.klasse-->	Skapande Skrivning	Stranda/ 5.klasse		
Digitale tilbod					
Instrumentalelevar kan få delar av opplæringa som digital fjernundervisning dersom vi ikkje har lærar i det aktuelle faget i din skulekrins.					

Spesielt om dans. Vi ynskjer å starte danseklasser både innan ballett og Moderne dans/latino.

Oversikt over dei ulike klassene og tilboda finn de når de loggar dykk inn i påmeldingsskjemaet.

For dei yngste danseklassene (førskule til og med ca. 2.klasse) SKAL ein føresett følgje barnet og delta på klassa saman med barnet. Desse klassene vil bli lagt på ettermiddagstid. Andre klassar vert truleg lagt til Ringstad Skule i SFO-tida til elevane.

Informasjon på andre språk/info in other languages

Generell informasjon om kva kulturskular er, og kva vi kan tilby kan de finne på nettsidene til Utdanningsdirektoratet. <https://www.udir.no/utdanningslopet/kulturskolen/>





Søknad om opptak

Alle som vil søkje om opptak i Stranda Kulturskule må søkje om opptak via det elektroniske søknadsskjemaet. Gå inn på adressa nedanfor, eller scan QR-koden for direkte tilgang.

<https://NOSTRANDA.speedadmin.dk>

Eksisterande eller tidlegare elevar som vil søkje om opptak på eit nytt fag, må logge seg på SpeedAdmin. De må no bruke ID-Porten/BankID for å logge på.



Søknadsfrist 25.mai 2022

Søkjarar som søker innan fristen vert prioritert ved opptaket.

Prisar:

For skuleåret 2021-2022 er det vedtatt følgjande prisar i kulturskulen. Alle prisane er pr. halvår.

Vanleg elevplass	kr. 1815,-
Spesialisering (min.30.-45min)	kr. 2850,- - 3950,-
Storgruppeundervisning	kr. 1550,-
Juniortilbod/Karuselltilbod	kr. 1200,-
Bildefag - Elevavgift	kr. 1200,-
Tilbod til vaksne*	kr. 1650,-
Instrumentleige	kr. 350,-
Materialavgift - Bildefag ** (inntil)	kr. 350,-

Søskenrabatt: 20% frå 2. elevplass i familien.(gjeld berre for søsken i same husstand)

* Prisen på tilbod til vaksne er rettleiande for tilbod med inntil 1t pr. veke. Nøyakti pris for ulike tilbod vert basert på denne prisen, men tilrettelagt leksjonslengde og innhald i dei ulike tilboda.

** Det vil bli innført materialavgift i bildefag. Materialavifta vil blir rekna ut frå reelle utgifter til forbruks- og personleg materiell og samsvarar med noteutgifter til musikkelevar.

Elevar på musikkfag må rekne med å kjøpe spelebøker og anna undervisningsmateriell i tillegg til semesteravgifta.

Elevar i dansefaget må rekne med å kjøpe nødvendig klede/sko for det dansekurset dei er påmeldt.

Satsane kan verte indeksregulerte frå 1.1.2023. Andre endringar kan kome som følgje av politiske vedtak.

Avgifta vert krevd inn haust og vår. Elevar som sluttar på eit fag etter at semesteret har starta må rekne med å betale for heile semesteret.

Kontakt Stranda Kulturskule:

e-post: kulturskulen@stranda.kommune.no

telefon: 464 11 055

Lik gjerne Stranda Kulturskule si side på facebook
<http://www.facebook.com/kulturskulen>.

